
Saksnr: 2019/101-26
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		16.11.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020

Bruk og endringar i disponeringa av FTU-midlar 2020

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar ny disponering av kr. 150.000 under løyvingnivå FTU-midlar, opphavleg sett av til russearrangement i Grieghallen. Pengane vert stilt til disposisjon for arbeidet med nettside for russen i Vestland.

Samandrag

I denne saka gjer fylkesdirektøren opp status, skisserer vidare tiltak og føreslår omdisponering for resterande midlar i ramma. Det ligg an til eit mindreforbruk knytt til budsjettposten «Kunnskap, kompetanse og kampanjar» under FTU-midlane. Fylkesdirektøren skisserer aktuelle tiltak me kan nytta midlar på innanfor føremålet med budsjettposten. Vidare føreslår fylkesdirektøren omdisponering av midlar sett av til russearrangement i Grieghallen. Forslaget er at midlane vert stilt til disposisjon for arbeidet med ei nettside for russen i Vestland, i regi av opplæringsavdelinga/Trygg Trafikk og samarbeidsgruppa for russefeiringa.

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad frå Trygg Trafikk aug. 2020 - 'Bruk sykkellys'
- 2 Vestland fylkeskommune og samarbeidsgruppa for russen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Trafikktryggingautvalet har ein eigen post på fylkesbudsjettet, kalla FTU-midlar. Den finansierer tilskotsordningane til trafikktrygging, løyvingar til Trygg Trafikk og ulike satsingar innan det trafikantretta trafikktryggingarbeidet. I møte 13. februar vedtok hovudutval for samferdsel og mobilitet følgjande fordeling av FTU-midlane for 2020:

FTU-midlar 2020	
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikksikkerheitsprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000
Totalsum	16 780 000

Det er ønskeleg å få ein god bruk av vedtatt ramme for FTU-midlane. I denne saka gjer fylkesdirektøren opp status, skisserer vidare tiltak og føreslår omdisponering for resterande midlar i ramma.

Vedtakskompetanse

Etter punkt 3.2 i økonomireglementet har hovudutval for samferdsel og mobilitet mynde til å vedta endringar i og mellom løyvingnivåa, i dette tilfelle løyvingnivå FTU-midlar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Forslag til bruk av FTU-midlane går ikkje ut over budsjettert ramme. Målet med saka er å sikra ei god utnytting av vedtatt ramme.

Klima: Ikkje direkte relevant

Folkehelse: Ikkje direkte relevant

Regional planstrategi: Ikkje direkte relevant

Status for bruk av FTU-midlane

I tabellen under vert det gitt ein kort status for bruken av midlane på dei ulike postane under FTU-midlane.

FTU-midlar 2020		
Post	Sum	Status for forbruk
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000	Vedtatt tilsegn om tilskot for om lag heile potten. Lite mindreforbruk som vart omdisponert til tilskotsordninga for ts-planar.
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000	Vedtatt tilsegn om tilskot for heile potten, pluss heile mindreforbruket i ordninga for ts-aktivitetar.
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000	Vedtatt tilsegn om tilskot for heile potten, over to tildelingar.
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000	Fordelt på ulike tiltak på fylkesveg etter vedtak i SAMO 11/3-20. Status for aktuelle tiltak vert rapportert på saman med investeringstiltak på fylkesveg.
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 300 000	Utbetalt til Trygg Trafikk.
Prosjekt Hjertesone	500 000	Utbetalt til Trygg Trafikk.
Trafikksikkerheitsprisen	50 000	Vert delt ut på trafikktryggingskonferansen 20. november.
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000	Lite forbruk så langt. Fylkesdirektøren skisserer aktuelle tiltak nedanfor.
Trafikksikker kommune	75 000	Gamal forpliking til Kvam herad som dei får utbetalt når dei vert godkjent som Trafikksikker kommune i nov/des. Heng saman med ein utgått stimuleringsordning for Trafikksikker kommune som ein hadde i Hordaland fylkeskommune.
Russearrangement Grieghallen	150 000	Arrangementet vart avlyst grunna korona-utbrotet. Fylkesdirektøren føreslår omdisponering til anna tiltak.
Refleks	351 000	Vert truleg brukt opp innan årsslutt, i hovudsak til innkjøp av refleksar.
Diverse	100 000	Nytta til annonsering av tilskotsordningar og ts-pris, medlemskontingent i Trygg Trafikk og eventuelt andre, mindre utgifter.
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000	Utbetalt til Trygg Trafikk
Totalsum	16 780 000	

Status for budsjettposten «Kunnskap, kompetanse og kampanjar»

I sak om fordeling av FTU-midlar (PS 8/2020, SAMO 13/2-20) står det følgjande om føremålet til budsjettposten: «Dette er ein samlepost for tiltak som kan auka kunnskapen, kompetansen og merksemda kring viktige trafikktryggingsspørsmål i fylket. Posten kan gi finansiering til konferansar, kurs, fagdagar, kampanjar og prosjekt som har som føremål å auka kunnskapen om ts-utfordringar.»

Trafikktryggingskonferansen i Vestland vert finansiert over denne budsjettposten. I år vert konferansen digital, og såleis vert det også lågare kostnadar enn normalt. Posten har også gitt rom for å gjennomføra andre typar tiltak, men slike har ikkje vore gjennomført. Korona-situasjonen har lagt nokre avgrensingar for både kapasitet til gjennomføring og kva som har vore praktisk mogleg.

Per no ligg det an til eit mindreforbruk på denne budsjettposten. Fylkesdirektøren skisserer aktuelle tiltak som etter fylkesdirektøren si vurdering ligg innanfor føremålet til budsjettposten. Det er såleis ikkje behov for vedtak.

Aktuelle tiltak under «Kunnskap, kompetanse og kampanjar»

Fylkesdirektøren peikar på tre aktuelle tiltak for bruk av midlar under budsjettposten:

- Auka tilskot til Trygg Trafikk sin sykkellyskampanje «Bruk sykkellys!»

- Planlegging og gjennomføring av trafikktryggingskonferansen 2020
- Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag til handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland

Om «Bruk sykkellys!»

Trygg Trafikk søkte om og fekk, etter vedtak i SAMO 14. oktober (PS 84/2020), innvilga kr. 150.000 i tilskot til sykkellysaksjonen «Bruk sykkellys» frå tilskotsordninga til trafikktryggingsaktivitetar. Dette er andre året aksjonen vert gjennomført. I fjor gjennomførte Trygg Trafikk aksjonen/kampanjen i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Miljøløftet, politiet, Norges Cykleforbund og Syklistanes Landsforbund. «Målet er å markera kor viktig det er å utstyra syklane med lys i mørkesesongen», skriv Trygg Trafikk i søknaden. Korona-situasjonen gjer at det er usikkert kva fysiske arrangement det er mogleg å gjennomføra. Trygg Trafikk vil difor ta initiativ «til samarbeid og utsending av lykter til sykkelbyar, foreiningar, lag, skular og andre interessentar». Dei vil også halda fram samarbeidet med Sykkelkids, som driv sykkelopplæring på skular i Bergen og Hordaland. Søknaden Trygg Trafikk leverte til tilskotsordninga i august er vedlagt saka.

Bruk av midlane

Då aksjonen vart gjennomført i fjor fekk Trygg Trafikk gunstige prisar på sykkellyktar, og fekk slik delt ut og montert mange lyktar. I år er prisane meir normale, og aksjonen vert såleis mindre i omfang. Fylkesdirektøren vil tilføra aksjonen meir midlar, slik at dei kan nå ut til endå fleire med både den viktige budskapet om å bruka sykkellys, og med lykter som folk kan få til syklane sine. Sykkellys er eit godt ts-tiltak som etter Statens vegvesen og Transportøkonomisk institutt (TØI) sine utrekingar har positiv effekt på talet drepne og hardt skadde.

I samband med arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging skal det verta utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag, som mellom anna vil bestå av ulykkesanalyse. Det kan verta aktuelt å nytta midlar til delar av denne utarbeidinga. Tiltaket ligg også innanfor føremålet til budsjettposten, etter fylkesdirektøren si vurdering.

Fylkesdirektøren vil ta stilling til storleiken på det auka bidraget til Trygg Trafikk sin sykkellyskampanje når kostnadane knytt til gjennomføringa av trafikktryggingskonferansen er kjent, og når det er tatt stilling til om ein skal nytta midlar til kunnskapsgrunnlaget for handlingsprogram for trafikktrygging.

Omdisponering av midlar til «Russearrangement i Grieghallen»

Russearrangementet i Grieghallen har gjennom ei årrekke vore eit viktig fellesarrangement for russen i Hordaland, som rettar merksemda mot trafikktrygging og åtfærd i trafikken. Årets arrangement vart ikkje gjennomført grunna korona-utbrotet. Tiltaket er ein viktig del av det førebyggjande trafikktryggingsarbeidet retta mot russen. Russen er ei risikogruppe i trafikken, og dessutan ei gruppe fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for, som elevar i den vidaregåande skulen.

Fylkesdirektøren vil føreslå at det vert gjort vedtak om omdisponering av midlane sett av til dette tiltaket (kr. 150.000) til eit anna tiltak innan russearbeidet. Trygg Trafikk og avdeling for opplæring og kompetanse har tatt initiativ til å få på plass ei nettside for russen i Vestland. Dei og dei andre partane i den tverrfaglege samarbeidsgruppa for russefeiringa som opplæringsavdelinga koordinerer, står sentralt i arbeidet med nettsida. Skildring av samarbeidsgruppa og nettsida er vedlagt saka. Om nettsida står det at den skal bidra til «gjennomføring av ei deltakande, samlande, inkluderande og trygg russetid for all russen i Vestland. Nettsida skal t.d. kunne gje russ og føresette tilstrekkeleg informasjon om helse, tryggleik, godkjenning av køyretøy, arrangement regionalt og lokalt». Det er ønskeleg med ei nettside som russen får eit aktivt forhold til og har interesse av å nytta.

Konklusjon

Fylkesdirektøren har i saka gjort greie for status for bruk av FTU-midlane og tiltak for å sikra god bruk av resterande midlar i ramma. Fylkesdirektøren føreslår ei omdisponering av midlar til arbeidet med å få på plass ei nettside for russen i Vestland. Initiativtakarane og samarbeidsgruppa for russefeiringa er best eigna til å finna ein tenleg bruk av desse midlane. Midlane skal bidra til å nå målet om ei nettside som bidrar til gjennomføring av ei deltakande, samlande, inkluderande og trygg russetid for all russen i Vestland.